



Nynorsk kultursentrum

# Strategi under virusutbrotet

Strategien er fastsett av leiargruppa 13. mars kl. 10.00.

Strategien gjeld fram til 27. mars. Direktør kan endre eller forlenge planen når det er behov for det. Endringar frå førre strategi skal vere markert med kursivering.

## A Tilpassingar av verksemda

### 1 Arenaene er stengde

Nynorsk kultursentrum held alle arenaene våre stengde så lenge skular og barnehagar er stengde av nasjonale, regionale eller lokale styresmakter.

Me held helgestengd til og med påske.

Me gjer ingen nye arrangementsavtalar til festivalane, sommaren eller haustprogram. Me marknadsfører ikkje festivalar eller arrangement så lenge skular og barnehagar er stengde. Me bestiller ikkje varer eller reiser i denne perioden, heller ikkje for tiltak som er langt fram i tid. Me tilset ikkje sommarvikarar utan atterhald om at det kan bli utan vakter, me avtalar ingen vaktar for helgevikarar. Me avtalar ikkje ny utleige og avlyser utleige til og med påske.

Me betaler ut honorar til utøvarar i Den kulturelle skulesekken og etter retningslinjer frå Norsk Forfattarsentrum til arrangement som me avlyser, i tråd med tilråding frå styresmaktene. Der det er mogleg bed me om digital erstatning eller ny dato for arrangementet. Me betalar ut

Me opprettar eiga prosjektkode i Visma, den kallar me 6/ Korona, for alt som er ekstrakostnader og/eller refusjonar pga. korona (t.d. honorar for avlyste arrangement, endring av billetter, bestilling av heimekontor m.v.). Administrasjonssjef gir beskjed når dette er ordna.

Administrasjonen opprettar eige dokument for antekne tapte inntekter.

### 2 Personalpolitikk

Det primære er at tilsette arbeider tilsvarande den faste stillinga si, anten dei må gjere det heime-frå eller med andre tilpassingar. For dei som treng andre løysingar blir dette avtalt. Det er bestilt heimekontorløyising til dei som ikkje har det (tilgang til datasystem heimefrå). Kontora er opne, men kjernetida og kontorplikta er oppheva. Folk kan arbeide når som helst og frå kor som helst. Me godkjenner alt arbeid opp til 7,5 time per dag (inkludert 0,5 timar lunsj) i Tidsbanken. Dersom ein arbeider meir enn det må det vere særskild godkjent for å få det godskrive.

Dei som har heimekontor avtalar med nærmaste leiar per telefon og e-post kva som skal gjerast. Daglege leiarar har ansvar for å ta inn post og evt. ikkje-avbestilt varelevering i Ivar Aasen-tunet, Vinje-senteret og Hauge-senteret. Dersom personen er i karantene eller må vere heime med barn kan dette bli delegert til andre eller i Aasen-tunet: ansvaret gitt direktør eller administrasjonssjef.

Nynorsk kultursentrum deltek ikkje i seminar, møte og konferansar fram til og med påske, og melder seg ikkje på nye arrangement. Møte med under ti personar og som er halde etter retningslinjene til helsestyresmaktene kan bli gjennomførte fysisk, men ein skal alltid vurdere digitale møte som alternativ.

Dei som arbeider ved arenaene følgjer reglane om avstand til andre tilsette, handhygiene m.m.. Møterommet ved Aasen-tunet er for lite til å halde reglane ved lunsj. Dei tilsette tek lunsj når dei sjølv ønskjer det (primær lunsjtid 11.30-12 blir oppheva) og primært på kontoret eller i kafeen.

Tilsette med mange timar plusstid har fått oppmoding før om å redusere denne. No er tida inne for å ta ut desse timane.

Personalansvarlege held jamleg kontakt med sine tilsette per telefon.

Me har kartlagd kven av dei tilsette som er i risikogruppe og gjort særlege tiltak for desse. Me har også oversyn over kva for tilsette som er heime med barnehage- og skulebarn.

Dei som ikkje kan arbeide fordi dei er heime nyttar først plusstid, deretter ferietid. Dersom dette blir langvarig gjer ein avtale med nærmaste leiar. Me tilpassar arbeidsoppgåver så langt det let seg gjere.

Stabsseminaret i mai er avlyst. Det i november held me på inntil vidare.

### **3 Spesielle arbeidsoppgåver for handteringa**

Beredskapsgruppe: Direktør (leiar, tek avgjerder), administrasjonssjef, kommunikasjonsrådgivar (dagleg leiar Ivar Aasen-tunet deltek medan kommunikasjonsrådgivar er sjukmeld).

Direktør held kontakt med lokale, regionale og nasjonale helsestyresmakter, rapporterer inn til Virke, Kulturdepartementet og Museumsforbundet, held all informasjon til tilsette, styret og rådet

#### Kommunikasjon

Oppdatering av informasjon om opningstider m.m. alle heimesider: Gaute Øvereng/ Maria Fet (når friskmeld) (Nynorsk.no), Anders Kalvatn (IAA), Jorid Lekve Eide(OHH), Kristian W. Rantala (VS), Dette inkluderer alle festivalsidene.

Endre all fast marknadsføring (Dag og Tid m.m.) frå reisemål/festival/ til nettsider/ digitale tenester: Anders Kalvatn

Informasjon til utøvarar: Olav og Ingeborg (IAA), Guro Ljone (OHH), Solveig Prestegard (VS)

Vandreutstillingar: Kristian W. Rantala og Tone Slenes er kontaktperson for utstillingane.

#### Økonomi

Avbestille stabsseminar: Oddny Nupen Aarflot

Avbestille alle faste/ avtalte vareleveransar ut mars: Tone Slenes, Milan Ilic, Sigbjørn Mork (IAA), Geir Netland (OHH)

Avlyser utleige for perioden fram til og med påske: Ingrid Opedal

Avbestille reiser osv.: Dei som sjølve har bestilt.

### **3 Festivalane**

**Dei nynorske festspela** 11.–14. juni. Endeleg avgjerd om heil eller delvis avlysing eller utsetjing blir gjort seinast 31. mars av direktør i samråd med dagleg leiar. Risikovurdering blir gjort av beredskapsgruppa, verneombod og dagleg leiar.

**Litteraturdagane i Vinje.** Endeleg avgjerd om heil eller delvis avlysing blir gjort seinast 31. mai av direktør i samråd med dagleg leiar. Risikovurdering blir gjort av beredskapsgruppa, verneombod og dagleg leiar.

**Ulvik poesifestival.** Endeleg avgjerd om heil eller delvis avlysing blir gjort seinast 7. juli av direktør i samråd med dagleg leiar. Risikovurdering blir gjort av beredskapsgruppa, verneområda og dagleg leiar.

Ved avlysing vurderer ein om heile eller delar av innhaldet kan bli gjort digitalt som ei erstatning.

## B Samfunnsrolla: Aleine saman

I krisetider har kulturinstitusjonar ei særleg rolle i samfunnet. Vanlegvis kan me vere samlingspunkt der folk får møte kvarandre, oppleve noko i lag og reflektere rundt det ein opplever gjennom kunst og kultur. Det er vanskelegare når ein skal isolere seg. Direktøren omdisponerer derfor midlar til to større prosjekt som vert sette i gang frå og med fredag 13. mars.

### **Korona og kulturen: 400 000 kr**

Nynorsk kultursentrum inviterer journalistar, teikneserieteiknarar, akademikarar, sakprosaforfattarar, barnebokforfattarar, lyrikarar, songlyrikarar, prosaistar og andre som målberer den nynorske skriftkulturen til å lage eit bidrag me kan dele digitalt.

Emne kan til dømes vere isolasjon, fellesskap, ansvar, traume, redsel, smitte, reaksjonar, kollektivt osv.

Dette skal vere både for barn, vaksne og folk med ulike interesser

Døme på bidragsytarar: Frode Grytten, Ruth Lillegraven, Eldrid Lunden, Stein Versto, Daniel Kvammen, Stein Torleif Bjella, Odd Nordstoga, Braut (lege), Åsmund Eikenes (sakprosaforfattar om kroppsvæsker), Jens K. Styve, Lars Mæhle, Maria Parr, Idar Lind, Sigrid Agnete Hansen, Are Kalvø, Yasmin Syed (hug kjønn, geografi osv.). Prioriter til ungar først, anten det er tunkatten.no eller andre stader.

Dette blir etter den digitale formidlinga ei vandretstilling med premiere når utbrotet er over.

Kjøp eventuelt inn ekstern formgiving (t.d. Blåmyra), men viktig at det går pengar til frilansarar/ kunstnarar.

### **Digitalformidling: 300 000 kr**

Nynorsk kultursentrum nyttar høvet til å byggje opp kompetanse og innhald for video-, lyd- og tekstkommunikasjon digitalt. Dette skal vere varig kultur- og kunnskapsinnhald som me kan spreie over lenger tid.

Digitale tilpassingar av formidlingsopplegg til skulane er prioritert medan skulane er stengde.

## C Arbeidsgrupper

Alle skal gjere førefallande arbeid. Oppgåver med fakturahandtering, digitale tenester inkludert luking på dei nye nettstadene/nettbutikk, registrering og forskning held fram som vanleg.

Dersom ein vil byte gruppe tek ein kontakt med nærmaste leiar.

Den første i kvar gruppe kallar inn, fordeler oppgåver og fastset budsjett.

Møte skjer naturleg nok oftast via skype, messenger eller andre videoløysingar.

Vi opphevar desse fjorten dagane arbeidsgruppene og anna, men arbeider utanom førefallande arbeid med desse avgrensa prosjekta:

### Forskning og samling

Tone, Anders Aa., Henry, Stein Arnold, Edward

Forskningsarbeid: Arbeide med Fogderifylket-prosjektet, førebu andre fagfellevurderte publikasjonar

Registrering/ digitalisering: gjenstandar, kunsthistorisk, foto, biblioteket. Dette inkluderer å leggje alle Hauge-foto frå Q og til Primus.

### Kultur i koronatida (ramme: 400 000 kr totalt, 100 000 kr første to stengingsveker)

Geir, Jorid, Ingeborg, Kristin, Siri Beate, Solveig

Til dømes:

Få journalistar, forfattarar, teikneseriekunstnarar, fagformidlarar i alle sjangrar (men berre nynorsk denne gongen) til å skrive/ lage bidrag

Finne eldre bidrag, finne faglitteratur, finne ulike innganger

Førebu vandrestilling i Noregspakkeformat med innhaldet til hausten

### Digitalformidling for framtida (ramme: 300 000 kr)

Kristian, Maria, Olav, Anja, Anders K, Guro + Stina (ved tid), Sigbjørn

Til dømes:

Podkast, video, digitalformidling i staden for og på festivalar/ arrangement

Teste ut format, diskutere format og formar, diskutere konsept for podkast

### Allkunne og førebuing til ev. ny leksikonordning

Stina, Steinarr

Fullføre prosjektmidlar

Gå gjennom artiklar som kan gå over til SNL

### Drift og administrasjon:

Gaute, Oddny, Janne

Tone, Ingrid, Milan

kontraktar, økonomi, avlysingar, avbestillingar osb.

rydde på Q, rydde på arkiv, rydde på arena, nødvendig vedlikehald